

Trygt til fjells med tog – men hald deg unna sporet!



Tenk deg om – ta ansvar for deg og dine! Vi ønsker deg fine og trygge skidagar på fjellet.



FOTO: HILDE LILLEFJORD

Det har dessverre vore både døds-
ulukker og mange tilløp til ulukker på
høgfjellet på grunn av at skiløparar har
tatt sjansar. Jernbaneverket ser med
stor uro på dette, og håpar derfor at
du vil spandera nokre minuttar på
denne brosjyren.

Det kan vera freistande å ta snarvegen over sporet
når ein vil kryssa jernbanen, men det kan vera svært
farleg. Er du i sporet når du får auga på toget, har
du berre sekundar på deg for å koma deg unna.
Toget kan ikkje svinga unna eller bråbremsa; er
farten 100 km/t, treng toget ca. ein kilometer for
å stoppa. Dessutan nærmar toget seg svært stilt,
mykje stillare enn ein skulle tru. Står du i sporet eller
like ved, vil du ikkje høyra toget før det er like nær
deg. Og hugs at det går langt fleire tog enn dei som
er oppførte i rutetabellen.

Sjølv om det kan bety ein omveg, er det stader
der sporet kan kryssast trygt – på planovergangar,
på overgangsbruer, via undergangar og over tun-
nelar. Det er ulovleg å kryssa sporet på andre stader.
Ver oppmerksam når du skal kryssa jernbanesporet,
sjølv om det skjer på ein planovergang.

Hugs også at det er livsfarleg å komma nær
kontaktleidningsanlegget, som fører straum på
15000 volt.



FOTO: NIAL SVINGHEIM



FOTO: SVEN ULVUND

Vil du melda frå om ein akutt faresituasjon, bør du kontakta politiet (tlf. 112), som igjen varslar trafikkstyringsentralen.

Kontakt oss

Einingane i Jernbaneverket er lokaliserte på fleire stader i landet. Nærmare informasjon finn du på nettidene våre, eller du kan ringja det landsdekkjande sentralbordet vårt.

05280

Frå utlandet (+47) 22 45 50 00

Postadresse Jernbaneverket, Postboks 4350, 2308 Hamar

E-post postmottak@jbv.no

Jernbaneverkets kundesenter kan kontaktast på:

E-post kundesenter@jbv.no

SMS/MMS Send kodeord JBV til 26112

Sosiale medier Twitter og Facebook

www.jernbaneverket.no